

## Referat styringsgruppemøte 14. februar 2019 i Kristiansand, for GPS-merkeprosjektet i Setesdal-Ryfylkeiane.

Møtestad: Haven, Fylkeshuset i Kristiansand. Møtet varte frå kl. 11.00 til kl. 15.00

### Desse møtte:

Tor Punsvik	Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder (FMAV)
Olav Strand	Norsk institutt for naturforskning (NINA) og Norsk villreinsenter Sør (NVS)
Per Ketil Omholt	FMAV
Lena Romtveit	Norsk villreinsenter Sør (NVS)
Kåre Paulsen	Statkraft
Sigrid Bjørgum	Bykle kommune
Arne Heggland	Statens vegvesen
Bjørg Hellem	Vest-Agder fylkeskommune
Lars Arne Bay	prosjektmedarbeidar
Kjell Helle Olsen	Stavanger turistforening
Preben Falck	Stavanger turistforening
Øystein Kristensen	Aust-Agder FK
Torbjørn Fjermestad	Villreinnemnda for Setesdalområdet
Per Øyvind Grimsby	Sira Kvina kraftselskap
Vemund Jaren	Miljødirektoratet
Alf Odden	Verneområdestyret i SVR
Jørn Haug	Verneområdestyret i SVR

### Velkomst, kort oppsummering av prosjektet og mål for dagen

*Kåre ynskte velkommen og fortalte om dagens agenda. Koplinga til det føregående prosjektet og anbefalingane frå dette blei også gjennomgått.*

### Presentasjon av sluttrapporten, Olav Strand (NINA/NVS)

Rapporten frå dette prosjektet bygger mykje på det bakgrunnsarbeidet som blei gjort i det førre villreinprosjektet for både Setesdalsheiane, som gjekk frå 2006 til 2010. Det gjeld både problemstillingane som blei tatt inn i prosjektet ved oppstarten, men også ein del historikk og bakgrunnsinformasjon t.d. om radiomerking og metodikk som er å finne i rapporten frå det førre prosjektet.

Det er viktig no at styringsgruppa går igjennom rapporten i etterkant av møtet og kjem med rettingar, kommentarar og innspel til underteikna eller Olav no i slutfasen.

Olav tok ein gjennomgang av korleis ein har jobba med dei ulike tema i prosjektet, kva som er endra undervegs og korleis resultatata står i forhold til ambisjonane som blei lagt inn i oppstarten.

Han var også inno i dette med korleis ein i kjølvatnet av alle analysane må forhalde seg til nyansar i resultatata som vil vera den mest realistiske effekten av eventuelle avbøtande tiltak. For eksempel at ein i Renrein-analysane ikkje vil kunne sei noko om effekten av redusert ferdsel langs vegen inn til

Store Urar, men snarare effekten av full stenging vs. open veg. Det faktiske resultatet ligg kanskje ein stad i mellom.

Måten prosjektet har vore organisert og måten og tema arbeidsgruppene har jobba på er ein sentral del av rapporten.

Då eit hovudmål i prosjektet har vore å få villreinen til å bruke større areal og randområda på Vestheia, er modelleringa av demografi og bestandsutvikling sentralt, då ein veit at variasjonar i dette er med å styre reinens arealbruk. Ein har jobba mykje med desse tema i NINA på eit overordna forskingsnivå og konkrete resultat på dette for Vestheia er tatt inn i rapporten.

Det har mellom anna vore ei viss auke i slaktevektar hjå simlene, men mest markant er det at ein har fått ein større auke i overleving hjå kalv. Slaktevektar på kalv har også hatt ein svak auke.

Slaktevektene hjå bukk er markant høgare, men dette er ein klar alderseffekt, då det no er ein større andel av eldre bukk i bestanden. Alt dette vil bli køyrd inn i eit modelleringsverktøy hjå NINA i tida framover.

Grunneigarorganiseringa er eit viktig tema og vil vera ei sentral oppgåve i dette området framover. Analyser av GPS-data viser at det er ulikt mellom dyr i hhv. sør- og nordområdet kor vidt dyra vandrar mellom sør- og nordområdet og kor vidt dei vandrar til andre villreinområde. Det er også ein markant skilnad i arealbruken mellom simler og bukkar; -bukken brukar bort imot dobbelt så store areal som simlene.

Effekten av auka bestandsstorleik blir også omtalt i eit eige kapittel.

Det har vore eit sentralt tema i prosjektet å merke bukk og det brukast ein del tid på å vise kjønnsforskjellar i reinens arealbruk. Ein vil kunne få endringar i systemet ved for eksempel flytting av Øyulvsbu, som vidare vil kunne påverke for eksempel villreinenes forhold til Brokke-Suleskardvegen.

I rapporten er dei ulike fokusområda vist med kart over GPS-data, for ulike sesongar, for å vise variasjonen i arealbruken i forhold til diverse infrastruktur og aktivitet gjennom året. Nokre av tema i desse fokusområda vil bli simulert i Renrein-analysane.

Ein kunne gjerne fått inn betre kart over føreslegne jaktfrie soner i rapporten. Dette blir viktig å få innspel på til ferdigstillinga av rapporten.

Vegen inn til Store Urevatn er eitt av tema som skal simulerast i Renrein-prosjektet; open/stengt. Det faktiske driftsregimet vil nok vera ein avgrensa bruk tilrettelagt for rettighetshavarar, men med dei teljetala som er henta inn i prosjektet ligg det an til at ei slik regulering vil kunne redusere ferdsele langs denne veggen med opp mot 90 %. Det er graden av manglande GPS-data i nærleiken av denne veggen, samt ujamn fordeling av data på hhv. nordaust- og sørvestsida av veggen i den perioden den er open, som har vore bakteppet for å anbefale simulering og tiltak her.

For områda nord for Hovden og områda langs med E134 blir det berre gitt ei skildring av dei data som finns i desse områda, men går ikkje inn på anbefalingar eller tiltak knytt til desse.

Innsamla data på ferdsel, biltrafikk m.m. blir skildra i eige kapittel. I dette ligg også data samla inn i arbeidsgruppene.

Arbeidet i dialogseminara blir vedlegg til rapporten, men arbeidet blir omtala i rapporten og fokusområda vist i kart.

I den generelle diskusjonen vil dei tiltaka som fekk høgast prioritet frå arbeidsgruppene i dialogseminara bli omtala. Av dette også kva for tiltak ein gjennom GPS-prosjektet vil anbefale at blir simulert i Renrein-prosjektet, med forklaringar for/mot kvart enkelt.

## Innspel og diskusjon

Klare innspel om at ein i rapporten må omtale forholdet mellom dei areala der ein har mest GPS-data og dei områda der det ikkje er GPS-data. Dette for at ikkje det skal bli tolka som at slike randområde ikkje er av interesse for reinen. Viktig her at alle formidlar at arealbruken til reinen ikkje berre er eit

uttrykk for kva dyra ynskjer å bruke, men kanskje snarare eit uttrykk for kva som er tilgjengeleg. Ein viktig diskusjon til Renrein-prosjektet bør kanskje vera å plotte inn dei ulike forslaga til tiltak i ei kost/nytte-analyse.

Resultat og anbefalingar i dette prosjektet blir veldig viktig inn i arbeidet med regional planstrategi der ein mellom anna skal ta stilling til om det er tid for rullering/justering av Heieplanen.

Viktig no at alle tek ein runde med rapporten og kjem med innspel til Olav. Rapporten blei sendt til styringsgruppa under møtet.

## **Formell avslutning av prosjektet og presentasjon analyser Renrein, ved Olav Strand**

Rapporten frå dette prosjektet skal vera ferdig ila vårsemesteret 2019.

Av simuleringar er det mest aktuelt å sjå på i Renrein-prosjektet:

- Stenging av veggen til Store Urar
- Flytting av Øyulvsbu
- Terskel i Svartevassmagasinet
- Flytting av hytta ved Storsteinen

Renrein er utsett med eitt år, slik at dei endelege resultatata frå simuleringane og formidlingane av desse fyrst vil skje i fyrste halvdel av 2020.

Vedr formell avslutning av prosjektet, for eksempel med eit sluttseminar, er det p.t. ikkje midlar att til dette. Det vil seie at ein må skaffe noko meir pengar til å gjennomføre dette, aller helst direkte frå dei ulike deltakarane i prosjektet. Det kom framlegg i møtet om å gjennomføre eit slikt seminar saman med Arbeidsgruppe 2) «Møteplass villrein fjell» i Verdiskapingsprosjektet til SVR. Lena og Jørn Haug tar tak i dette.

## **Vegen vidare med villreinprosjekt i Setesdal-Vesthei: Fokusområda og Kvalitetsnorm, ved Olav Strand og Vemund Jaren (MiD)**

Det vil vera trong for å halde i gang datainnsamling og overvaking av ulike igangsette tiltak, som gjer at det vil vera lurt å byrje å tenke på livet vidare for denne møtearenaen. Det same gjer innføringa av miljøkvalitetsnorm og også å samle gruppa i samband med presentasjon av resultatata frå Renrein-prosjektet.

Kvalitetsnormen har no vore ein runde i departementet og er tilbake til Miljødirektoratet for justeringar. Vemund gjekk igjennom dei ulike tema i rapporten frå ekspertgruppa og korleis normen skal brukast. I klassifiseringsarbeidet med t.d. avgrensing av fokusområde i villreinområda vil det vera viktig med god lokal og regional kunnskap, gjerne i ei arbeidsgruppe, slik som styringsgruppa for villreinprosjektet. Dette er dermed også viktig å ha med seg i vurderinga med å også framover halde tak i møtearenaen dette prosjektet har utgjort.

Kvalitetsnormen skal ut på offentleg høyring før sommaren 2019, med høyringsfrist hausten 2019. Vemund orienterte også om status for arbeidet med Nasjonal ramme for vindkraft. NVE skal levere anbefaling til OED på dette innan 1. april. Deretter blir dokumentet lagt ut på høyring.

Med tanke på gruppas vidare liv blei det bestemt at prosjektleinga kjem med framlegg til eit oppsett på dette til sluttseminaret og at dagens styringsgruppe handsamar saka der.

Skinnarbu 20.02.19, Lena Romtveit



**Adresseliste** (berre sendt elektronisk):

Medlemmar og varamedlemmar i styringsgruppa:

Statkraft v/ Kåre Paulsen  
Sira Kvina Kraftverk v/ Per Øyvind Grimsby  
Bykle kommune v/Sigrid Bjørgum  
Bygland kommune v/Inge Olav Fjalestad  
Kommunane i sør v/ Oddmund Ljosland (Åseral kommune)  
Sirdal kommune v/Sven Sandvik  
Vinje kommune v/Lasse Mathisen  
Gjesdal kommune v/Gudrun Kristensen  
Suldal kommune v/Gerd Helen Bø  
Valle kommune v/Jon Ødeskaug  
Vest-Agder Fylkeskommune v/Bjørg Hellem  
Aust-Agder Fylkeskommune v/Hans Fløystad  
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder v/Tor Punsvik  
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder v/Per Ketil Omholt  
Fylkesmannen i Aust- og Vest-Agder v/ Ørnulf Haraldstad  
Statens Vegvesen v/ Arne Heggland  
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/Margit Smeland (leiar)  
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/Tommy Vatslid (nestleiar)  
Stavanger Turistforening v/ Kjell Helle Olsen  
DNT Sør v/Bjørn Brandtzæg  
Setesdal Ryfylke villreinlag v/Kristian Steine (leiar)  
Setesdal Ryfylke villreinlag v/Knut Nomeland  
Setesdal Ryfylke villreinlag v/ sekretær Svein Olav Stegarud  
Statskog v/Kristian Eiken Olsen  
Verneområdeforvaltarane i SVR v/Jørn Haug  
Verneområdeforvaltarane i SVR v/Alf Odden  
SNO v/ Peter Hermansen  
SNO v/ Reidar Sandal  
NINA v/Olav Strand  
DN v/Vemund Jaren  
Norsk Villreinsenter Sør v/Marianne Singsaas

Andre bidragsytarar:

Lyse produksjon v/Arild Stene  
Otteråens Brugeierforening c/o Otra Kraft v/Gjermund Espetveit  
Hydro v/Uddmund Nybø  
Agder Energi v/Svein Haugland  
Statnett v/Ellen Hoff  
Kvinesdal kommune v/Edgar Vegge  
Åseral kommune v/Øyvin Moltumyr  
Hægebostad kommune v/postmottak

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerlann | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no  
**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no  
**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48



Telemark Fylkeskommune v/Ole Bjørn Bårnes  
Fylkesmannen i Telemark, miljøvernavdelinga v/Morten Johannesen

Kopierte:

Verneområdeforvalterne i SVR og ny leiar  
SNO v/Jon Erling Skåtan  
Villreinnemnda for Setesdalsområdet v/ sekretær Jarle Lunde  
Setesdal Austhei villreinlag v/ sekretær Torleif Homme  
Våmur Roan villreinlag v/ leiar Jan Aarak  
Valle kommune v/postmottak  
Kommunane Odda og Forsand  
Fylkeskommunane i Rogaland og Hordaland

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: [post.nord@villrein.no](mailto:post.nord@villrein.no)  
**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: [post.sor@villrein.no](mailto:post.sor@villrein.no)  
**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48